

Vedkomande nye forskrifter for refusjon av pasientreiser.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har motteke fleire meldingar frå lokallag og einskildmedlemer om endringar i opplegget for refusjon av pasientreiser. Vi tok difor opp saka på styremøtet vårt 3. april. For å ha best mogeleg grunnlag for handsaminga inviterte vi Pasientreiser Helse Førde til å orientere styret om dei siste endringane i forskriftene. Pasientreiser stilte med to representantar som gav ei grundig orientering og svara på spørsmål frå styremedlemene.

Etter gjennomgangen vil vi oppsummere fakta slik:

- Helse – og omsorgsdepartementet har utarbeidd ny forskrift som gjeld frå 1. oktober 2016.
- Forskrifta er frå departementet si side presentert som ei forenkling av tidlegare regelverk.
- Ein har gått bort frå prinsippet om dekning av pasientane sin reisekostnad og gått over til å rekne refusjonsordninga som eit tilskot til reisene.
- Det er to typar reiser ein snakkar om: Reiser med rekvisisjon er organiserte av Pasientreiser. Reiser utan rekvisisjon, er organiserte av pasient og pasienten må sjølv søkje om «tilskot».
- Berre 30% av dei som har rett på refusjon søker, 70% betalar alt sjølve.
- Ein kan no søkje digitalt, men det er enno mogeleg å søkje på papirskjema.
- Ein søker digitalt på Helsenorge.no. Må bruke eigen bank-ID. Må vere merksam på å skrive under samtykkeerklæring der det står at ein gjev fullmakt til å hente inn dokumentasjon. Skriv ein ikkje under her, vert søknaden vraka.
- Ein får ikkje refundert utgifter til ledsagar.
- Verge kan berre søkje på papir.
- Eigenandel pr. reise som vert fråtrekt, er no kr 146,-
- Behov for bruk av bil må dokumenterast. Behovet er anten medisinsk (attesterast av behandlar), eller trafikalt, ved at der ikkje er kollektivtilbod på staden.
- Helse – og omsorgsdept. har fastsett satsen uansett transportmiddel til kr. 2,30 pr km (ned frå kr 2,50 pr km).
- Utgifter til ferjer, bompengar, parkeringsavgift o.l. vert berre refundert ved dokumentert behov for bruk av bil.
- Minste reiseavstand som gjev rett til refusjon/tilskot er endra frå 3 til 10 km.
- Det er ingen avgrensingar på kva ventetider pasienten må akseptere innanfor eitt døgn. (Eit døme kan vere avreise heimanfrå kl 05.00 og å kome heim att kl 24.00).
- Det må aksepterast inntil 3 pasientar i ein vanleg bil.
- Maksimal gangavstand fram til kollektivtransport er fastsett til 1 km.
- Pasientreiser er berre tilgjengelege på femsifra telefonnummer, 05515.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har fylgjande merknader i høve forskriftene:

- Mange har ut frå medieomtale fått inntrykk av at Pasientreiser Helse Førde har delvis ansvar for at det er innført ein strengare praksis for refusjon av pasientreiser i vårt område. Det var difor viktig for Pensjonistforbundet Sogn og Fj. å få full orientering om årsaka til innstrammingane.
- I utgangspunktet er det naudsynt å slå fast at endringane skuldast at Helse – og Omsorgsdepartementet har utarbeidd nye forskrifter med verknad frå 1. oktober 2016. Forskrifta er presentert som ei «forenkling» av tidlegare regelverk. Frå departementet si side er det ikkje lagt vekt på å gjere kjent dei betydelege innstrammingane som etter kvart syner seg. Så vidt vi kjenner til, har heller ingen stått fram og teke politisk ansvar for det som er gjort.
- Det er og gjennomført ei heilt prinsipiell endring ved at departementet ikkje lenger brukar nemninga «dekning» av reisekostnader, men no kallar det «tilskot» til pasientreiser. Denne endringa opnar for endå dårlegare kostnadsdekning i framtida.
- Vi har fått opplyst at berre 30% av dei som har rett på refusjon/dekning/tilskot søker om dette. Ein treng ikkje forske mykje før ein skjønar at mellom dei 70% som ikkje søker, finst ein stor del eldre pasientar som ikkje har ressursar til å ta arbeidet med å søkje, men som har størst økonomisk behov for dekning. Det er likevel eit lite lyspunkt at her endå er høve til å søkje på papir.

Pensjonistforbundet Sogn og Fj. vil stille fylgjande krav til departementet:

- Politisk leiing i Helse – og Omsorgsdepartementet må ta det politiske ansvaret for innstrammingane, slik at ikkje verken pasientar eller media adresserer kritikken mot dei som er sette til å praktisere forskriftene.
- Forskriftene må gjennomgåast og endrast med sikte på ei reell forenkling for brukarane. Målet må vere at ein langt større andel av pasientane søker og får dekkja kostnadene.
- Prinsippet må vere at reisekostnadene skal dekkast fullt ut, det skal ikkje vere eit «tilskot».
- Det må innførast ei maksimal ventetid, den må ikkje vere over 2 timar før og 2 timar etter behandling, medrekna evt. ventetid på buss eller anna kollektivtilbod.
- For å kunne krevje bruk av buss må der vere bussruter som kan brukast utan å overskride fastsett max. ventetid.
- Km - satsen må straks justerast opp att til kr 2,50 pr km, og regulerast opp når kostnadene aukar.
- Minste reiseavstand som gjev rett til refusjon må straks regulerast attende frå 10 til 3 km, slik den var før 1. okt. 2016.
- Lokale kontor av Helfo/Pasientreiser må gje tilgang til åttesifra telefonnummer, der ein kan treffe sakshandsamarar utan å måtte bruke dei femsifra telefonnummera som no er tilgjengelege. Vi har fått opplyst at det er ulovleg å berre tilby femsifra tlf.nr.
- Vi har oppfatta at ein i politisk samanheng har brukt slagordet «Pasienten i sentrum». Det kan seiast mykje om slik misbruk av språket vårt, men vi trur det er nok å gå gjennom dei ulempene desse forskriftene påfører pasientane.

Fråsegna blir send til:

- Pensjonistforbundet sentralt, med oppmoding om å fylgje opp saka.
- Dei politiske partia i Sogn og Fj.
- Helse – og omsorgsdepartementet.
- Pasientreiser Helse Førde.
- Lokallaga i fylket.
- NRK Sogn og Fjordane

- Lokalavisene
- Fylkeseldrerådet
- Fylkeseldreråda i kommunane
- Pensjonistforbundet Møre og Romsdal
- Pensjonistforbundet Hordaland
- Pensjonistforbundet Rogaland
- Fagforbundet Sogn og Fjordane v/Randi Aanonsen

Med helsing

Per Kjelstad

Fylkessleiar

Laila Hage

Dagleg leiar

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
Postboks 140
6801 Førde

mail: sognogfjordane@pensjonistforbundet.no
tlf. 578 24 943